

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 15.06.2026

Vår ref.: 202609862-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om uttak av grunnvatn i Øvredalen til Masfjorden vassverk, Masfjorden kommune i Vestland

NVE har fått ein søknad frå Masfjorden kommune om løyve etter vassressurslova til uttak av grunnvatn til Masfjorden vassverk. Søknaden blir no send på høyring med høyringsfrist 19.08.2026.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått søknad frå Masfjorden kommune, datert 26.02.2026, om løyve etter vassressurslova til uttak av grunnvatn til drikkevassforsyning. Masfjorden vassverk treng å auke vassuttaket for å kunne levere nok vatn til abonnementane i Masfjorden og Gulen kommunar. Det er etablert to grunnvassbrønner i sørenden av Storevatnet i Øvredalen, og kommunen søker om eit maksimalt uttak på 25 l/s. Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9920/v. Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 45.

NVE skal behandle uttaket av grunnvatn og leidningar fram til vassmål.

Informasjon om saksbehandlinga finn du på NVE si nettside: www.nve.no/vann-og-vassdrag/vassdrag-og-grunnvannstiltak/konsesjon-til-vassdragstiltak/

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngitte forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9920/v)



- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn 202609862» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn 202609862» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **19.08.2026**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Masfjorden kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Ingvild Marie Dybwad
seniorrådgjevar

Marianne Ask
rådgjevar

Dokumentet er sendt utan underskrifter. Det er godkjent etter interne rutinar.

Godkjent av Ingvild Marie Dybwad
Seniorrådgiver

Mottakarliste:

NORGES GEOLOGISKE UNDERSØKELSE
NATURVERNFORBUNDET HORDALAND
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND
Mattilsynet Region Sør og Vest
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

MASFJORDEN KOMMUNE
MASFJORDEN KOMMUNE - Sveinung Toft
ASPLAN VIAK AS - Rolf E. Forbord